

Svar på grunngeve spørsmål frå Karina Garnes Reigstad (MDG), Status miljøsertifisering av rådhuset

Eg vil vise til kommunestyresak 91/2017 og meiner svara på representanten Reigstad sine spørsmål er godt svara på i denne saksutgreiinga. For at Meland rådhus skal bli sertifisert som miljøfyrtårn, må eindokumentere at ein oppfyller 52 ulike krav innan arbeidsmiljø, innkjøp, energi, transport, avfall, utslepp, estetikk, samfunnsansvar osv. Eg har sjølv vore med å miljøfyrtårnsertifisere ein vidaregåande skule med over 1000 elevar og kring 180 tilsette og kan skrive under på at det er ei kjempestor oppgåve.

Vi har knappe administrative ressursar i meland kommune, noko som har vore med på å bidra til at dette har tatt tid. Ein må rett og slett prioritere andre oppgåver til tider, men ein har heile tida arbeidd med å komme i mål med sertifiseringa, noko som det ser ut til at ein snart er (jf. sak 91/2017).